

Utviklingsplan 2016-2019.

Utviklingsplanen for Firda vgs 2016-2019 legg til grunn at hovudsatsinga dei næraste åra skal vere skulebasert kompetanseutvikling og kunnskapsbasert lærarpraksis. Saman med fleire tiltaksplanar er utviklingsplanen basis og ramme for arbeidet ved Firda vgs i perioden 2015-2019.

Firda vgs skal ha ein tydeleg fagleg profil og bygge på ei vid forståing av læring. Skulen skal vere ein inkluderande danningarena for alle, både elevar og tilsette.

Skulens oppdrag er å legge til rette for læring og utvikling for kvar enkelte ungdom. I dette arbeidet er trivsel og gode relasjonar mellom elevar og tilsette eit viktig fundament.

Visjon

«Kunnskap og danning for framtida»

Slagord

«Firda – meir enn ein skule»

Verdiar:

Dialog, Ansvar, Mangfald, Meistring.

	Utdjuping	Elevar på Firda	Tilsett på Firda
Dialog	Dialog handlar om respekt for den andre, vise evne til å lytte, anerkjenne den andre sine premisser.	Respekterer andre for kven dei er og kva dei meiner Er gode lyttarar, alle har rett til å bli høyrte Er villige til å delta i diskusjonar, alle har rett til å ytre meiningane sine Har ein god dialog med lærarar og medelevar Seier i frå til ein kontaktperson om ein har noko på hjartet	Er lyttande Anerkjenne andre sine meiningar og verdiar Samhandlar for å finne løysingar Fremjar refleksjon over verdiane i alle ledd i organisasjonen Er rollemodell for verdiane
Ansvar	Ansvar handlar om å bry seg, om å yte for fellesskapet, om å fylle rolla si i organisasjonen, om å yte sitt beste.	Inkluderer alle, set pris på kvarandre, respekterer kvarandre og har ei positiv innstilling	Er fagleg og pedagogisk ajour Har klare forventningar til seg sjølv og andre. Tek medansvar for heilskap og bidreg til løysingar Involverer elevane i lærings- og vurderingsarbeidet

Mangfald	Mangfald handlar om eit ope og inkluderande miljø, om å godta at vi er ulike, om å behandle alle likeverdig, uavhengig av alder, kjønn, religion, legning.	Inkluderer alle på tross av ulikskapar Aksepterer at folk er forskjellige, det skapar eit miljø der folk kan vere seg sjølve Jobbar for ei mobbefri skule der elevane er sosiale på tvers av klassane Får impulsar frå personar med ulik bakgrunn	Er open og inkluderande Arbeider for at Firda skal vere ein skule for alle Har respekt for andre sine verdiar Arbeider for likebehandling og likeverd på alle nivå
Meistring	Meistring er opplevinga av å klare dei oppgåvene ein er sett til, og å nå dei måla som ein har sett seg. Meistring handlar om å vere rusta til å møte utfordringar	Lærer å takle utfordringar. Set seg eigne mål, lagar seg gode strategiar og arbeider aktivt for å nå måla. Arbeide saman, støttar kvarandre og tar i mot konstruktiv kritikk.	Tilpassar undervisninga slik at den enkelte kan få utvikle seg, både fagleg og sosialt Gler seg med dei som lukkast og støttar dei som slit. Utfordrar eleven. Er medviten om og kan nytte seg av ulike meistringsstrategiar.

Ambisjonar og tiltak

Elevlar. Ambisjon: «alle skal gjennomføre »

Tiltak	Ansvar	Tid
Gjennomføre minst eit sosialpedagogisk tiltak i klassa pr semester	Kontaktlærer	17-19
Tilbod om samtalegruppe til elevlar som har vanskar med døgnrytme	rådgjevar	17-18
Gjennomføre overgangsmøter mellom ungdomsskule og vgs	Rådgjevar	17-19
Styrke samarbeidet med foreldre og føresette gjennom tettare dialog, minst to samtalar pr. år for elevlar som er under 18 år	Kontaktlærer og rådgjevar	17-19
Vidare utvikle «Open skule»	miljøkoordinator	17-19
Tettare samarbeid med Gloppen kommune om tiltak for enkeltelevlar	Leinga	17-19
Temadag om psykisk helse	Miljøkoordinator/rådgjevar	17-18
Innføre trinnteam	utviklingsleiar	17-18
Tydelegare rutinar for oppfølging av elevlar	Pedagogisk leiar	17-18

Undervisning. Ambisjon: «auka læringsutbytte».

Tiltak	Ansvar	Tid
Planar for det enkelte fag skal vere klare innan 1.10	Pedagogisk leiar	17-19
Minst 2 klassemøter i løpet av semesteret der læringsarbeid er tema	Kontaktlærar	17-19
Delingskultur og vurderingsarbeid skal vere gjennomgåande tema på seksjonsmøte og personalmøte	Pedagogisk leiar/fagkoordinator	17-19
Utvikle bruken av one note i læringsarbeidet, blant anna til å dokumentere gjennomført undervisning	E-pedagog og faglærar	17-19
Tydeleg møteplan	Utviklingsleiar	17-19

Leiarane og leiargruppa. Ambisjon: «Støttande leiarar»

Tiltak	Ansvar	Tid
Styrke gruppa si gjennomføringsevne.	Rektor	17-16
Prioritere arbeidsoppgåver gjennom året	Leiinga	17-19
Systematisk, konkret og målretta tilbakemeldingar til tilsette	Leiinga	17-19

Danning Ambisjon: «Fremje kritisk refleksjon i alle deler av organisasjonen»

Tiltak	Ansvar	Tid
Styrke medvit om danning i praksis og om handlingar som fremjar danning.	Rektor	17-19
Temadag om kjeldekritikk	Norsk seksjonen	h-17
Utvikle fagsamtalen til eit verktøy for refleksjon i vurderingsarbeidet	Pedagogisk leiar	h-17

Godt elevgrunnlag. Ambisjon: «Fulle klasser».

Tiltak	Ansvar	Tid
Satsing på kulturfaga gjennom promotering og nettverksbygging	Avdelingsleiar MDD	17-18
Informasjonsplan	Pedagogisk leiar	17-18
Aktiv heimeside	Utviklingsleiar	17-19
Ny film h – 17	Avdelingsleiar MDD	h-17
Bygge nettverk med kulturskular, kulturinstitusjonar, grunnskular, høgskular, lag og organisasjonar i fylket	Avdelingsleiar MDD	17-18
Bygge nettverk og framsnakke organisasjonen	Alle	17-19

Nye tilbod. Ambisjon: «Forsøk med nytt programfag i klima- og miljøfag»

Tiltak	Ansvar	Tid
Prosjekt «Grøn skule i Gloppen»	Prosjektleiar	17-18
Fortsette forsøk med nytt programfag i klima- og miljøfag	Prosjektleiar	17-18

Kunnskaps og kultursenter. Ambisjon: «vere ein aktiv regional utviklingsaktør».

Tiltak	Ansvar	Tid
Samarbeide med kommune, NAV om helsefag og andre tiltak for framandspråklege og vaksne	Utviklingsleiar	17-19
Styrke samarbeidet med grunnskule og barnehagar	Utviklingsleiar	17-19
Samarbeide med HVL og HIV om praksisplassar	Utviklingsleiar	17-19

Bygningar og utstyr. Ambisjon: «gode rammer for tilsette og elevar».

Tiltak	Ansvar	Tid
Arbeide for renovering av kjøkkenet på open skule	rektor	17-19
Rehabilitering og utvikle skuleplassen til felles aktivitetsområde	pedagogisk leiar	17-19
Parkering for syklar og ladepunkt for el-bil og el-sykkel	Rektor	17-19

Konkrete resultatmål:

Område	Mål	Tid
Frammøte	96%	17-18
Gjennomføring	93%	17-18
Avvik eksamen/standpunkt	Mindre enn 0,2 karakterpoeng	17-18
Trivsel	Betre enn snitt i fylket	17-19
Mobbing	Ingen som vert mobba	17-19 (elevundersøkinga)
Læringsutbytte	Positiv utvikling i faget (snitt)	17-19